



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Hugo Morken, 55 57 21 17

Vår dato  
20.04.2015  
Dykkar dato  
17.04.2015

Vår referanse  
2014/1837 423.2  
Dykkar referanse  
14/1945

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Tilbakemelding - Søknad om forlenging av klagefrist - Lindås - Gnr 219 bnr 2 og 17 - Vikesætra

Vi viser til Lindås kommune sin e-post av 17.04.2015 der kommunen ber om forlenga klagefrist i vår sak nr. 2014/1837.

I den aktuelle saka fatta Fylkesmannen den 23.03.2015 vedtak som klageinstans etter matrikkellova § 46 etter at det var klaga på kommunen si avgjerd.

Det følgjer då av forvaltningslova § 28 tredje ledd første setning at «*Med mindre Kongen bestemmer annerledes, kan klageinstansens vedtak i klagesak ikke påklages*». Det er ikkje gjort unntak frå denne hovudregelen for saker etter matrikkellova. Fylkesmannen sitt vedtak i den aktuelle saka kan derfor ikkje klagast på. Det er då heller ingen klagefrist.

Dette til orientering.

Med helsing

Anne Kjersti Sande e.f.  
seksjonsleiar

Hugo Morken  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*